



Aud Sølvi Fosse Drengenes
Hardbakke 47
6924 HARDBAKKE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12134 - 20/51076

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
20.08.2020

Landbrukssak gbnr 325/11 Fosse - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 781/20

VEDTAK:

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Aud Sølvi og Terje Drengenes løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 325/11 Fosse.
- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast. - Vegen skal byggast som ømsøkt.**

Vedtaket er gyldig til 30.08.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld

Aud Sølvi og Terje Drengenes søkar om å bygge ca 80meter landbruksveg i vegklasse 7 (landbruksvegklasse) Vegen skal gje tilkomst til skogen og uttak av ca 500m³ hogstmoden skog. Det er og vektlagd 20% utmarksinteresser i vegen. Nabo er varsla og har ingen merknadar til tiltaket.

VURDERING:

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen i Vestland har ingen miljøfaglege kommentarar til sjølve vegsøknaden, men nemner at delar av skogen ligg i

nedbørsfeltet til Mjåtveitelva og at det er viktig at det takast omsyn til dette når skogen skal takast ut for å unngå partikkelavrenning til vassdraget.

Sjå svar under frå fylkeskommunen:

«Vi viser til brev datert 24.06.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Hogst

Vi ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal sendast til post@vlfk.no og innehalde følgande informasjon:

Gnr – Bnr – kommune

Kart over hogstområde og eventuelle driftsveggar, velteplassar, m.m.

Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området

Planlagt oppstartsdato

Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer

«

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/12134

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aud Sølvi Fosse Drengenes

Hardbakke 47

6924

HARDBAKKE